

Vår referanse	Dykkar referanse	Saksansvarleg – telefon (saksbehandlar)	Dato
15/55 - JP 15/822		Hallvard Oppedal - 57 78 20 01 (RKH)	26.01.2015

Høyring av utkast til ny postlov og forskrift om post. Uttale frå Gulen kommune.

Behandling i Kommunestyret 23.01.2015:

Uttale til skriv 1-3 gjeldande høyring vedk. endring av postlov:

Gulen kommunestyre er overraska over at lokaldemokratiet i kommunestyra ikkje er høyringsinstans i ei så viktig sak som posttenesta. Vi vil likevel gje uttrykk for kva vi meiner, og ber partia i Stortinget ta det med i si vidare vurdering.

Gulen kommunestyre krev at den nye postlova legg til rette for likebehandling mellom alle område i landet. Det er ikkje rett å innføre ordningar som aukar skilnaden mellom sentrale områder/byane og dei meir spreiddbygde områda i landet. Vi ser heller ingen grunn til at Norge skal tilpasse seg EU i ei sak der EU-land sjølv oppnorer og ser seg om etter betre løysingar.

Til dei viktigaste spørsmåla vil Gulen kommunestyre uttale:

1. Lurdagspost

Det må vere ombering av post på laurdagar, slik at både lokalaviser og riksaviser kan komme fram til alle abonnementar. Det må også sikrast ei ordning for sending av biologisk materiale fra legekontor til laboratorium. Det same med medisin fra apotek til forbrukar. Om dette ikkje blir gjort, stenger ein i realiteten livsviktige tenester i distrikta frå torsdag til måndag.

2. «Enhetsporto»

Høyringsframlegget legg berre opp til lik porto i heile landet for enkeltsendingar under 50 gram. Gulen kommune krev at enhetsporto også skal gjelde for masseutsendingar. Det vil vere viktig for både offentleg og privat verksemد. Bortfall av lik porto for masseutsendingar vil vere klart konkurransevridande til fordel for byane/sentrale strok, der det vil vere marknad for konkurranse. Slik vi les høyringsuttalen er det heller ikkje lagt opp til å nekte konkurranse på enkeltsendingar under 50 gram, noko som i realiteten vil føre til at bestemt porto for denne tenesta vil fungere som ein makspris.

3. Postombering

Gulen kommunestyre meiner det er feil å sette grensa for unntak for postombering til tre faste heilårsbustader og/eller næringsverksemder i gjennomsnitt per kilometer. Alle som bur langs offentleg veg skal ha krav på dagleg postombering.

Avslutningsvis vil Gulen kommunestyre stille spørsmål om Stortinget på sikt, når ein må kutte på offentlege ytingar, har vilje til å budsjettere med dei kostnadane som må tilførast posttenestene i distriktet. Ein slik kostnad må då dekkast over skattesetelen i staden for gjennom ei solidarisk utjamning mellom alle brukarane av posttenestene.

Røysting:

Samrøystes

KOM-002/15 Vedtak:

Høyringsuttale til endring av postlov vert godkjend.

Med helsing

Reidun K. Halland
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Gulen kommune og har derfor ingen signatur.